

Laupe-nr.	Oppslags-nr.	Namn i offentlig bruk / forslag	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	
1	388649	Brattlia / Bratteli / Brattelia / Brattelen / Brattli	Bratteli	Gard 211	<u>Uttale:</u> <i>bra`tteliå</i> (NG 1915); <i>bra`tte li´(å)</i> (<i>Forsandboka</i> bd. 1, 1981, s. 345). Sjø au uttaleopplysningane til laupenr. 2–8. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Bratli</i> (rektangelmåling 1855); <i>Brattelen</i> (matr. 1886, 1906); <i>Brattlid</i> (gradteigsmåling 1943); <i>Bratteli</i> (matr. 1950; sjøkart 2001); <i>Brattli</i> (gradteigskart 1952; N50 1952, 1959, 1971); <i>Brattlia</i> (ØK 1971; N50 1988, 1993, 2004, 2011). <u>Høyringssvar:</u> Sverre Helland skriv at <i>Bratteli</i> er korrekt skrivemåte. Sandnes Historielag stør skrivemåten <i>Bratteli</i> . Forsand Mållag ynskjer skrivemåten <i>Bratteli</i> . Dei skriv at det blir feil å nytte <i>-lia</i> for dei som bur i Ryfylke, og viser til andre stadnamn som sluttar på <i>-li</i> . Sandnes kommune ynskjer skrivemåten <i>Bratteli</i> . I 2021 skreiv Områdeutvalg øst i kommunen at det vil bli heilt feil å skrive namnet <i>Brattli</i> . I 2021 skreiv ein lokal informant at rett gardsnamn er <i>Bratteli</i> , ikkje <i>Brattli</i> . Forsand sogelag har tidlegare støtt skrivemåten <i>Bratteli</i> . <u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at dei har all grunn til å feste lit til opplysningane om at uttala er med <i>e</i> -fuge og utan bunden artikkel. Dei syner til punkt 2 og 6 i dei utfyllande reglane, der det står at samansetjingsmåte og bunden/ubunden form skal rette seg etter den nedervde lokale uttala. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bratteli</i> . <u>Vurdering:</u> Dette gardsnamnet er samansett av <i>bratt</i> + <i>li</i> , og dette er to ålment kjente ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 fyrste ledd i forskrifta. Som Språkrådet skriv, står det i punkt 2 og 6 i	

					dei utfyllande reglane at samansetjingsmåte og bestemtheit skal rette seg etter den nedervde lokale uttala. Uttaleopplysningane i NG og bygdeboka er med <i>e</i> -fuge, men i heradsregisteret er uttala av namna på underbruka oppførte utan <i>e</i> -fuge. Den offentlege skrifttradisjonen har bae delar. Alle høyringssvara går inn for skrivemåten med <i>e</i> -fuge, og sidan dette samsvarar med den eldst belagde uttala, bør namnet skrivast med <i>e</i> -fuge. Når det gjeld bestemtheit, er det au sprikande opplysningar. NG og heradsregisteret har bestemd form, mens bygdeboka har bae delar. Skrifttradisjonen varierer. Alle høyringssvara er samstemde om at <i>-li</i> blir korrekt. Me går ut ifrå at ein både har sagt <i>-li</i> og <i>-liå</i> om dette namnet, men at <i>-li</i> i dag er den etablerte uttala. Som ein ser i NG, er det vanleg at gardsnamn har uttale i ubestemd form i det tidlegare heradet, og somme namn er oppførte med både <i>-li</i> og <i>-liq</i> i heradsregisteret. <i>-li</i> er altså ikkje ei framand eller ny form her. Når det finst belegg for uttale i både bestemd og ubestemd form, meiner me det blir mest rimeleg å fastsetje <i>-li</i> etter dei lokale ynska. Kartverket vedtek skrivemåten Bratteli i samsvar med Språkrådet si tilråding, norsk rettskriving og dei lokale ynska.
2	366208	Nedre Brattlia / Bratteli / Brattelian	Nedra Bratteli (hovudnamn) Bratteli (undernamn)	Bruk 211/1	<u>Uttale</u>: <i>ne`r å brå`ttli q</i> (heradsregisteret 1944). <u>Skrifttradisjon</u>: <i>Brattelian</i> (matr. 1886, 1906); <i>ned Brattlid</i> (gradeigsmåling 1943); <i>Bratteli</i> (matr. 1950); <i>ned Brattli</i> (gradeigskart 1952; N50 1952, 1959, 1971); <i>Nedre Brattlia</i> (ØK 1971; N50 2004, 2011); <i>ned Brattlia</i> (N50 1988, 1993); <i>Nedre Bratteli</i> (sjøkart 2005). <u>Høyringssvar</u>: Sverre Helland skriv at <i>Nedra Bratteli</i> er korrekt skrivemåte. Sjå elles laupenr. 1. <u>Tilråding</u>: Språkrådet skriver at det i sørvestlandsk talemål er slik at laust framomstilte utmerkingslekkar som er laga av ulike adjektiv (og som då anten står i komparativform eller i superlativform), som regel endar på <i>-a</i> når det aktuelle grunnordet er eit hokjønns- eller inkjekjønnsord med eintalsform. Dei viser au til at <i>-a</i> er vedteke i tilsvarande namn i kommunen, og punkt 6 i dei utfyllande reglane. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Nedra Bratteli</i> . <u>Vurdering</u>: Skrivemåten av gardsnamnet er retningsgjevande for skrivemåten av dette bruksnamnet, jf. § 5 andre ledd i loven. Når det gjeld retningsordet, er dette eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 i forskrifta. Men som Språkrådet skriv, står det i punkt 6 i dei utfyllande reglane at ein som hovudregel skal nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttala. Kartverket vedtek skrivemåten Nedra Bratteli, jf. laupenr. 1. I dei historiske matriklane og i dagens matrikkel blir bruksnamnet skrive utan retningsord. Sidan dette er eit skriftleg nedervt namn, set me det som undernamn og
					vedtek skrivemåten Bratteli .

3	851192	Øvre Brattlia / Øvra Brattelien / Bratteli	Øvra Bratteli (hovudnamn) Bratteli (historisk namn)	Bruk 211/2	<u>Uttale:</u> ö`vra brå`ttliq (heradsregisteret 1944). <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Brattelien</i> (matr. 1906); <i>øv Brattlid</i> (gradeigsmåling 1943); <i>Bratteli</i> (matr. 1950); <i>øv Brattli</i> (gradeigskart 1952; N50 1952, 1959, 1971); <i>Øvre Brattlia</i> (ØK 1971; N50 2004, 2011); <i>øv Brattlia</i> (N50 1988, 1993); <i>Øvre Bratteli</i> (sjøkart 2005). <u>Høyringssvar:</u> Sverre Helland skriv at <i>Øvra Bratteli</i> er korrekt skrivemåte. Sjå elles laupenr. 1. <u>Tilråding:</u> Språkrådet viser til laupenr. 2 og tilrår skrivemåten <i>Øvra Bratteli</i> . <u>Vurdering:</u> Skrivemåten av gardsnamnet er retningsgjevande for skrivemåten av dette bruksnamnet, jf. § 5 andre ledd i loven. Retningsordet skal som hovudregel skrivast i samsvar med den nedervde lokale uttala, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane. Kartverket vedtek skrivemåten Øvra Bratteli, jf. laupenr. 1. I dei historiske matriklane blir namnet skrive utan retningsord, mens dagens matrikkelform er med retningsord. Me set difor <i>Bratteli</i> som eit historisk namn.
---	--------	--	--	------------	--

4	548215	Midtre Brattlia / Mellombratteli / Bratteli / Brattelia	Midtra Bratteli (hovudnamn) Bratteli (avslege namneval)	Bruk 211/5	<u>Uttale:</u> <i>m i dd bråttliq</i> (heradsregisteret 1944). <u>Skrifttradisjon:</u> <i>m Brattlid</i> (gradteigsmåling 1943); <i>m Brattli</i> (gradteigskart 1952; N50 1952, 1959, 1971); <i>Midtre Brattlia</i> (ØK 1971; N50 2004, 2011); <i>m Brattlia</i> (N50 1988, 1993); <i>Midtre Bratteli</i> (sjøkart 2005); <i>Mellombratteli</i> (dagens matrikkel). I <i>Forsandboka</i> bd. 1 (1981, s. 368) er ein plass mellom Nedra Bratteli og Øvra Bratteli oppført som <i>Mellomsta Bratteliå</i>. <u>Høyringssvar:</u> Sverre Helland skriv at <i>Midtra Bratteli</i> er korrekt skrivemåte. Sjå elles laupenr. 1. <u>Tilråding:</u> Språkrådet viser til laupenr. 2 og tilrår skrivemåten <i>Midtra Bratteli</i>. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten av gardsnamnet er retningsgjevande for skrivemåten av dette bruksnamnet, jf. § 5 andre ledd i loven. Når det gjeld retningsordet, har me <i>midd</i> frå heradsregisteret, <i>Midtra</i> oppgjeve av Helland, <i>Mellomsta</i> frå bygdeboka og dagens matrikkelform <i>Mellombratteli</i>. Etter eit søk i nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket ser det ut til at <i>Midtre</i> er mest utbreidt, og det er dette som dominerer som retningsord i dei offentlege kjeldene. Me registrerer difor dette som retningsord, men med -a i tråd med informantopplysninga og venta uttale. Kartverket vedtek skrivemåten Midtra Bratteli, jf. laupenr. 1. Me kan ikkje sjå at bruksnamnet har blitt skrive utan retningsord nokon stad, så me avslår <i>Bratteli</i> som namneval.
---	--------	--	--	------------	--

6	62199	Brattliåna / Bratteliåna	Bratteliåna	Bekk	<u>Uttale:</u> I kartet på lokalnamn.no (1983) er bekken registrert som <i>Bratteliånå</i>, og dette er nok ein dialektnær skrivemåte. Sjå elles laupenr. 1. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Brattliåna</i> (N50 1988, 1993, 2004, 2011); <i>Bratteliåna</i> (sjøkart 2005). <u>Høyringsvar:</u> Sverre Helland skriv at <i>Bratteliånå</i> er korrekt skrivemåte. Sjå elles laupenr. 1. <u>Tilråding:</u> Språkrådet syner til at kommunen i 2009 vedtok som prinsipp at stadnamn som har hokjønnsord i bestemd form som sisteledd, som hovudregel skal skrivast <i>-a</i>. Språkrådet syner au til at kommunen ynskjer <i>-lia</i> og <i>-marka</i> i to andre namn i denne saka, ikkje <i>-liå</i> og <i>-markå</i>. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bratteliåna</i>. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten av primærnamnet (laupenr. 1) er retningsgjevande for skrivemåten av dette avleidde namnet, jf. § 4 tredje ledd i loven. Sisteledet er ordet <i>å</i>, som i bestemd form har uttala <i>-ånå</i> i dette området. I SSR har alle tilsvarande namn i kommunen utanom tre skrivemåten <i>-åna</i> som godkjend og prioritert skrivemåte. Eitt namn har vedteke skrivemåte <i>-åa</i>, og to har godkjend og prioritert skrivemåte <i>-ånå</i>. Elles i fylket er <i>-åna</i> vedteke som namneledd i kommunane Bjerkreim, Eigersund og Lund, og det er gjort enkeltvedtak om skrivemåten <i>-åna</i> i kommunane Sokndal, Suldal og Hå. Det er altså snakk om ei regional samleform med ein etablert normeringspraksis. Uttala, skrifttradisjonen og det lokale ynsket talar au for å skrive sisteledet med <i>n</i>, og punkt 4.1.5 i dei utfyllande reglane opnar for bøyingsendinga <i>-na</i> når særlege grunnar
					talar for det, noko me meiner er tilfelle her. Som Språkrådet nemner, har Sandnes kommune gjort eit prinsippvedtak som gjer at bøyingsendinga bør vera <i>-na</i> og ikkje <i>-nå</i>, og det er dette som er i tråd med skrifttradisjonen og normeringspraksisen. Kartverket vedtek skrivemåten Bratteliåna, jf. laupenr. 1.

7	62057	Brattliknuten	Bratteliknuten	Fjell	<u>Uttale:</u> brå̀ttliknu´d ə n (heradsregisteret 1944). <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Brattlidkn</i> (gradteigsmåling 1943); <i>Brattliknuten</i> (gradteigskart 1952; N50 1952, 1959, 1971, 1988, 1993, 2004, 2011; ØK 1971; sjøkart 2001). <u>Høyringssvar:</u> Sverre Helland skriv at <i>Bratteliknuten</i> er korrekt skrivemåte. Sjå elles laupenr. 1. <u>Tilråding:</u> Språkrådet syner til at det er vedteke skrivemåtar med hard konsonant i andre namn i kommunen, og dei tilrår difor skrivemåten <i>Bratteliknuten</i> . <u>Vurdering:</u> Skrivemåten av primærnamnet (laupenr. 1) er retningsgjevande for skrivemåten av dette avleidde namnet, jf. § 4 tredje ledd i loven. I SSR er det vedteke tretten namn med skrivemåten <i>-knuten</i> og to namn med skrivemåten <i>-knuden</i> i kommunen. Skrivemåten med <i>t</i> dominerer av dei godkjende og prioriterte skrivemåtane. Uttala er med <i>d</i> , og punkt 3.4 opnar for å kunne ha <i>-knuden</i> som ei regional samleform. Men sidan normeringspraksisen i kommunen og skrifttradisjonen er med <i>t</i> , og det er lokalt ynske om <i>t</i> , fastset me <i>-knuten</i> . Kartverket vedtek skrivemåten Bratteliknuten, jf. laupenr. 1.
8	120194	Brattlikaien	Brattlikaien	Kai	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Brattlikaien</i> oppført frå 1983. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Brattlikaien</i> (ØK 1978). <u>Høyringssvar:</u> Sverre Helland skriv at <i>Bratteli kai</i> er korrekt skrivemåte. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Brattlikaien</i> . <u>Vurdering:</u> Skrivemåten av primærnamnet (laupenr. 1) er retningsgjevande for skrivemåten av dette avleidde namnet, jf. § 4 tredje ledd i loven. Sisteledet er eit hankjønnsord i denne delen av landet. Sidan dialektuttala er <i>Brattlikaien</i> , bør namnet skrivast i eitt ord og med bestemd form. Kartverket vedtek skrivemåten Brattlikaien, jf. laupenr. 1.

9	1080165	<i>Bymarka</i>	Bymarka	Slette, mellom Lihalsen og Lifjellet	<u>Uttale</u>: Ingen opplysningar, men andre namn i kommunen (før samanslåinga i 2020) med <i>mark</i> som sisteledd er oppførte med uttala <i>-markå</i> eller <i>-mar kå</i> i heradsregisteret. <u>Skrifttradisjon</u>: I årboka til Sandnes Historielag (2024, s. 251) står det at dette området opphavleg var Stavanger si bymark, men at det i dag er ein del av Sandnesmarka. I <i>Riskaffjord kom seilande</i> (2005, s. 66) står det at "[...] Bymarken, eller Bymarka som det heter i dag" blei Stavanger sitt nye utfartsmål i 1936. <u>Høyringssvar</u>: Sandnes Historielag skriv at Stavanger Turistforening kjøpte landområdet ovafor Sandviga i 1934, og at dette området blei laga til for at folk i Stavanger skulle ha ei bymark slik for eksempel folk i Oslo og Trondheim har. Området blei kalla <i>Bymarka</i> . Seinare har området blitt innlemma i Sandnes kommune. Vidare skriv dei at det er svært få i Sandnes som i dag brukar namnet <i>Bymarka</i> . Dei stiller spørsmål til om namnet er eigna på området. Sandnes kommune går inn for skrivemåten <i>Bymarka</i> , i tråd med prinsippvedtaket frå 2009 om at hokjønnsord i hovudsak skal ha endinga <i>-a</i> i bestemd form eintal. Vidare skriv dei at namnet har ei historie som fortel om at dette var, og delvis endå er, eit område bruka for rekreasjon av folk frå Stavanger. I 2021 melde Stavanger Turistforening inn dette namnet, og dei skriv at området blir kalla <i>Bymarka</i> . <u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bymarka</i> .
					<u>Vurdering</u>: Namnet verkar å vera i bruk i dag, om enn i varierende grad. Når det gjeld skrivemåten, bør <i>-a</i> fastsetjast i samsvar med kommunen sitt prinsippvedtak, dagens rettskriving og normeringspraksisen elles i kommunen. Kartverket vedtek skrivemåten Bymarka i samsvar med Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.

10	365748	Flataberget / Fladaberget / Flatefjell / Hommersåkfjellet / Husafjellet	Flataberget (hovudnamn) Flatefjell (historisk namn)
----	--------	---	--

Fjell	Uttale: I heradsregisteret (1943–1944) er uttala <i>fl ā`dāffj ē`dlø</i> oppført, men det er uvisst kva for fjell uttala gjeld. Ein har nemleg Flatafjellet ovafor Dale og Fladafjellet sørvest for Grindavatnet au. På nettsida lokalnarn.no er uttala <i>Fladaberje</i> oppført frå 1983. Namnet er plassert på den vestre delen av fjellpartiet. I same oppføring står det at fjellet au blir kalla <i>Hommarsågfjedle</i> . I ei anna oppføring frå 1982 er uttala <i>/"homarså:gfjedle/</i> oppført, og dette namnet er plassert midt på heile fjellpartiet. I oppføringa frå 1983 er au <i>Husafjedlet</i> plassert på den austre delen av fjellpartiet, og her står det som kommentar at dette <i>ikkje</i> er <i>Fladaberget</i> . Skrifttradisjon: <i>Fladefjeld</i> (rektangelmåling 1887); <i>Fladefj.</i> (rektangelkart 1902; N50 1953, 1957); <i>Flataberget</i> (N50 1967, 1974, 1991, 1993, 2004, 2010; sjøkart 2001; nyere utgave av ØK); <i>Fladaberget</i> (ØK 1990). I <i>Riska: gardar og tettstad</i> (1993, s. 480) er fjellet nemnt som <i>Hommersåkfjellet</i> , men au <i>Hommarsåkfjellet</i> på s. 162. I <i>Stedsnavn i Riska</i> (2015, s. 118) er fjellet nemnt som <i>Hommarsåkfjellet</i> . På s. 90 står det at <i>Husafjellet</i> er det høgste fjellet oppfor det gamle gardstunet til Hetland (gard 100), og på s. 88 står det at <i>Fladaberje</i> er på eigedomen til gnr. 101. Høyringsvar: Riska historie- og muséumslag skriv at den korrekte skrivemåten på det aktuelle fjellet er <i>Flataberget</i> . Dei har lagt ved eit kartutsnitt som syner at Flataberget er den austre delen av fjellområdet. Den vestre delen er kartfesta som <i>Hommersandfjellet</i> . Vidare skriv dei at <i>Hommersand</i> og <i>Hommersåk</i> har blitt bruka om kvarandre, men at sistnemnde fyrst dukkar opp på 1930-talet. Laget meiner Hommersand-
-------	---

	namnet er av kulturhistorisk verdi. Sandnes Historielag skriv at fleire namn har vore bruka om fjellområdet, deriblant <i>Flataberget</i> , <i>Flatefjell</i> og <i>Hommersåkfjellet</i> . Dei påpeiker at fjellplatået ligg på eigedomen til garden Hommersåk, og det skal vera <i>Hommersåkfjellet</i> som blir mest bruka av lokalbefolkninga. Namna <i>Flataberget</i> og <i>Flatefjell</i> er namn ein kan finne kor som helst, og sidan dei ikkje seier noko om kor fjellet ligg, eignar dei seg ikkje som primærnamn. Historielaget føreslår at fjellet får namnet <i>Hommersåkfjellet</i> . Sandnes kommune går inn for namnet <i>Flataberget</i> . <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåtane <i>Flataberget</i> og <i>Hommersåkfjellet</i> , og at dei blir registrerte som høvesvis hovudnamn og undernamn. <u>Vurdering:</u> Her har me fleire namn og motstridande informasjon om kva som er namn på kva. Riska historie- og muséumslag skriv at den vestre delen av fjellpartiet heiter <i>Hommersandfjellet</i> , men Sandnes Historielag og Sandnes kommune oppgjev <i>Flataberget</i> som namn på han. Sandnes Historielag skriv au at namna <i>Flatefjell</i> og <i>Hommersåkfjellet</i> har vore bruka, og dei føreslår sistnemnte. På lokalnamn.no står det noko tilsvarande som Sandnes historielag oppgjev, nemleg at fjellet blir kalla både <i>Fladaberje</i> og <i>Hommarsågfjedle</i> . Men sistnemnte er au nemnt i ei eiga oppføring på nettsida. Tydingane av namna gjev oss ein peikepinn på kva namn som høyrer til kor. Den vestre delen av fjellpartiet har eit rundt og relativt stort og flatt toppområde. Andre <i>Flatafjell</i> i området ser au ut til å ha slike flate toppområde, og i heradsregisteret er ein stad med namnet <i>Flatafjellet</i> i Gjesdal kommune registrert med kommentaren: "Nokså flatt oppå".
	Husafjellet er ikkje nemnt i høyringssvara, men det er registrert mange likelydande namn i Rogaland. Felles for desse ser ut til å vera at dei er namn på fjell like ovafor / rett bak / nærast husa til ein gard. Den austre delen av fjellpartiet i denne saka ligg rett ovafor husa til garden Hetland, og <i>Husafjellet</i> er au oppgeve som namn på det austre fjellpartiet på lokalnamn.no og i <i>Stedsnavn i Riska</i> . Når det gjeld <i>Hommersåkfjellet</i> /<i>Hommersandfjellet</i> oppfattar me dette som namn på heile fjellpartiet. Me set <i>Flataberget</i> som namn på det vestre fjellpartiet og <i>Husafjellet</i> som namn på det austre fjellpartiet (sjå laupenr. 11). <i>Hommersåkfjellet</i> blir skilt ut som eit eige namn på heile fjellpartiet. Me gjer ikkje vedtak om skrivemåten av namnet, sidan namnet i utgangspunktet skal skrivast på same måte som primærnamnet (gard 101), men det er eit spørsmål om <i>Hommersåk</i> -/<i>Hommersand</i> . <i>Flatefjell</i> ser ikkje ut til å bli bruka anna enn i historiske kart, så me set dette namnet som eit historisk namn. Når det gjeld skrivemåten av <i>Flataberget</i> , ser normeringspraksisen i kommunen ut til å vera med t, og Flatabergveien finst allereie som eit vedteke adressenamn. Skrivemåten med t er au ynskt lokalt. Kartverket vedtek skrivemåten Flataberget i samsvar med Språkrådet si tilråding og norsk rettskrivning.

11	1085342	Husafjellet	Husafjellet	Fjell	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>H ū saffjedle</i> frå 1983 oppført. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Husafjellet</i> er nemnt i <i>Historisk tilbakeblikk fra Riska</i> (2013, s. 36). <u>Høyringssvar:</u> Ingen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Husafjellet</i> . <u>Vurdering:</u> Dette ser ut til å vera namn på fjellet like sør for Hetland, jf. laupenr. 10. Sisteledet er eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 i forskrifta. Det er heller ikkje registrert andre namn i kommunen med skrivemåten <i>fjedl</i> . Kartverket vedtek skrivemåten Husafjellet i samsvar med Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.
12	1085419	Flørlitrappene	Flørlitrappene	Annan kulturdetalj	<u>Uttale:</u> Sjå <u>Høyringssvar</u> nedanfor. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Flørlitrappen</i> er nemnt i avisa <i>1ste Mai</i> (10. desember 1949, s. 3). Elles førekjem <i>Flørlitrappene</i> mykje i nyare turlitteratur. <u>Høyringssvar:</u> Sandnes kommune går inn for skrivemåten <i>Flørlitrappene</i> . Stavanger kommune skriv at dei er einige med Sandnes kommune i at skrivemåten og uttala er <i>Flørlitrappene</i> . <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Flørlitrappene</i> . <u>Vurdering:</u> Dette er namn på ei trapp som går langs røyrgata frå Flørli kraftstasjon. I 1995 blei blant anna skrivemåtane <i>Flørli</i> (gard 225) og <i>Flørliåa</i> vedtekne. Skrivemåten av gardsnamnet er retningsgjevande for skrivemåten av namnet på trappa, jf. § 4 tredje ledd i loven. Når det gjeld samansetning, oppgjev Stavanger kommune at uttala er <i>Flørlitrappene</i> . Same samansetning er oppført i heradsregisteret (1953). I nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket finn ein sisteledet skrive som <i>-trappen</i> , <i>-trappa</i> og <i>-trappene</i> , men <i>-trappene</i> ser ut til å vera mest utbreitt. Denne skrivemåten er au ynskt lokalt, og den samsvarar med den oppgjevne uttala. Kartverket vedtek skrivemåten Flørlitrappene i samsvar med uttaleopplysningane, Språkrådet si tilråding og det lokale ynsket.

13	1085392	Kallalikkumpen	Kallalikkumpen	Fjellkant	Uttale: I NG er uttala <i>kā`ddlaliā</i> oppført om garden som fjellkanten har namn etter. Namnet skal ha samanheng med verbet <i>kalla</i> 'rope', og det skal koma av at ein på denne staden kunne kalle etter ferja om ho var på hi sida av fjorden, jf. garden Kallastein tvers over fjorden for Kallali. I heradsregisteret (1944) er uttalene <i>k ā`dlali q</i> og <i>kā`dlālistød'i</i> oppførte. Skrifttradisjon: Namnet er nemnt i Stavanger Turistforening si årbok frå 2021 <i>Fjellfolk i fjorden</i> (s. 37). Elles førekjem namnet i avisene <i>Strandbuen</i> og <i>Stavanger Aftenblad</i>, og det er nemnt i tursamanheng ulike stader på nettet. Høyringssvar: Sandnes kommune går inn for skrivemåten <i>Kallalikkumpen</i>. Tilråding: Språkrådet viser til at rettskrivingsforma av sisteleddet er med <i>u</i>, og dei tilrår difor skrivemåten <i>Kallalikkumpen</i>. Vurdering: Dette namnet har nok blitt til som eit resultat av turaktiviteten i området. Det verkar uansett å vera etablert nok til at det kan registrerast i SSR, og det harmonerer med den lokale namnetradisjonen. Skrivemåten av gardsnamnet Kallali er retningsgjevande for skrivemåten av dette avleidde namnet, jf. § 4 tredje ledd i loven. Den eine uttaleoplysninga i heradsregisteret tilseier at namnet bør skrivast med nullfuge, og det er slik namnet blir skrive der det førekjem. Sisteleddet er eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving. Kartverket vedtek skrivemåten Kallalikkumpen i samsvar med Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.

14	691239	Kjerdal	Kjerdal	Dal	Uttale: På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Kjerdal</i> (1983) oppført. Som kommentar står det at dette er ein dal frå vatnet (det vil seia Dalevatnet) og ned til Dale. Skrifttradisjon: <i>Kjerdal</i> (ØK 1990). I <i>Stedsnavn i Riska</i> (2015, s. 158) står det at <i>Kjerdal</i> går nedover frå Dalevatnet. På same sida er det eit fotografi der <i>Kjerdal(en)</i> er plassert i denne dalen, som går ned frå sørsida av Dalevatnet. Høyringssvar: Ingen. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Kjerdal</i>. Vurdering: Etter uttala kan fyrsteleddet kanskje koma av <i>kjer</i> n. 'kar' og moglegvis sikte til forma på dalen, jf. <i>Sirdal: namn og stader</i> bd. 1 (1992, s. 276). Skrivemåten bør uansett vera med éin <i>r</i> i tråd med uttala, og det er denne skrivemåten som blir bruka i ØK og lokalt. Namnet bør skrivast i ubestemd form etter uttala, jf. punkt 2 i dei utfyllande reglane. Kartverket vedtek skrivemåten Kjerdal i samsvar med uttaleopplysninga og Språkrådet si tilråding.
15	206203	Kjerdalsfjellet	Kjerdalsfjellet (hovudnamn) Kjerdalstoppen (avslege namneval)	Rygg	Uttale: På nettsida lokalnamn.no er det to oppføringar av dette namnet frå 1983. Både har uttala <i>Kjerdalsfjedle</i>. I den eine står det at fjelltoppen er skiftet mellom Jødestad og Skjørestad, og i den andre står det at dette er eit fjell som er svært bratt på vestsida. Både er plassert på toppen som er 324 moh. Skrifttradisjon: <i>Kjerdalsfjellet</i> (ØK 1990). Plasseringa i ØK er på toppunktet av ryggen som går vestover mot Daleholen. På toppunktet 324 moh. er <i>Jødestadfjellet</i> plassert i ØK, men ifylgje lokalnamn.no og <i>Stedsnavn i Riska</i> (2015, s. 158) er <i>Jødestadfjellet</i> ein annan stad. I SSR er Jødestadfjellet plassert lenger nordaust i samsvar med plasseringa på lokalnamn.no. I <i>Stedsnavn i Riska</i> (2015, s. 132) står det at <i>Kjerdalsfjellet</i> er på 304 moh., men på s. 151, 158 og 162–163 er det tydeleg at det er ryggen med toppunkt på 324 moh. som skal bli kalla <i>Kjerdalsfjellet</i>. Me får ingen treff på <i>Kjerdalstoppen</i> når me søker på nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket. Elles på nettet er <i>Kjerdalstoppen</i> nemnt nokre få vnder i sosiale medium, tidlegast i 2020, og då ser det ut til at det er toppunktet 324 moh. det blir vist til. Høyringssvar: I 2020 oppgav ein grunneigar i området <i>Kjerdalstoppen</i> som namn på toppen 324 moh. I 2016 melde Sandnes Historielag inn ein del rettingar av stadnamn. Ifylgje dei er rett plassering av Kjerdalsfjellet på toppen 324 moh., ikkje ryggen som går vestover ned mot Dale. Tilråding: Språkrådet tilrår at <i>Kjerdalsfjellet</i> blir registrert som namn på

					fjellet med toppunkt 324 moh. <u>Vurdering:</u> Det meste tyder på at fjellet med toppunkt 324 moh. har namnet <i>Kjerdalsfjellet</i>. ØK-plasseringa er i så fall feil, og det ser ut til at fleire andre namn au har blitt feilplasserte på dette ØK-kartbladet. Me flyttar difor namnet frå den vestgåande ryggen ned mot Daleholen til fjellet med toppunkt 324 moh. Namnet <i>Kjerdalstoppen</i> er moglegvis i bruk når ein berre skal referere til toppunktet til Kjerdalsfjellet, men dette ser ikkje ut til å vera eit tradisjonelt namn på fjellet/toppen. Me avslår difor dette som namneval. Når det gjeld skrivemåten, er skrivemåten av primærnamnet (laupenr. 14) retningsgjevande for skrivemåten av dette avleidde namnet, jf. § 4 tredje ledd i loven. Sisteledet er eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 fyrst ledd i forskrifta, og det er ikkje normeringspraksis i kommunen for å skrive <i>fjedl</i>. Kartverket vedtek skrivemåten Kjerdalsfjellet i samsvar med uttaleopplysningane og Språkrådet si tilråding.
16	1078077	<i>Kjerdalstoppen / Kjerdalsfjellet</i>		Topp	Lagt saman med laupenr. 15.
17	122722	<i>Marahållå / Maraholet / Marahola / Røyrmyn / Rørmyren / Lundekvam / Lundekvammen</i>	Røyrmyn (hovudnamn) Maraholet (undernamn) Lundekvam (undernamn)	Gamal busetjingsplass	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er det to oppføringer frå 1983 som omtalar plassen. I den eine er dialektuttala <i>Røyrmyn</i> oppført, og det står som kommentar at <i>Lundekvam</i> og <i>Marahållå</i> er nyare. I den andre er dialektuttalene <i>Røyrmyn</i>, <i>Marahåle</i> og <i>Lundekvam</i> oppførte. Som kommentarar står det at det var ein husmannsplass på myra der tidlegare. Eit anna mykje nytta namn på Røyrmyn skal ha vore <i>Marahåle</i>, og <i>Lundekvam</i> er eit yngre namn på Røyrmyn. <i>Marahåle</i> skal koma av at ein hest drukna i myra, mens <i>Lundekvam</i> skal koma av etternamnet til ein mann som oppretta bruk der i 1912. I seinare tid skal dei tre namna ha blitt mykje bruka om einannan. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Rørmyren</i> (rektangelmåling 1887; rektangelkart 1902; N50 1953, 1957); <i>Lundekvam</i> (N50 1967, 1974; ØK 1990); <i>Lundekvammen</i> (N50 1991, 1993, 2004, 2010). I <i>Riska: gardar og tettstad</i> (1993, s. 129) står det: "I Maraholå budde det frå 1870-åra ein husmann på Røyrmyn". <u>Høyringssvar:</u> Paul Malde, eigar av bruk 84/7 og 100/11, ynskjer å framleis bruke namnet <i>Lundekvam</i>. Han har høyrte at lokale brukar <i>Marahola</i> etter hesten som drukna der. <i>Røyrmyn</i> har han ikkje noko forhold til. Riska historie- og muséumslag skriv at <i>Maraholå</i> var to husmannsplassar på grensa mellom dåverande Hetland og Høle kommunar. Vidare skriv dei at ein familie bygde seg hus på <i>Røyrmynrå</i>, seinare kalla <i>Maraholå</i>. Dette må ha vore på Høle-sida, sidan ein annan er nemnt som fyrste husmann på Hetland-sida litt seinare. Denne plassen blei kalla <i>Røyrmyn</i> 2. Så skriv dei at det ligg ei røyrmyn nedom husmannsplassane som berre blir kalla <i>Røyrmynrå</i>, mens plassane blei kalla <i>Maraholå 1</i> og <i>Maraholå 2</i>. Seinare

					kom ein person som heitte Lundekvam og slo dei to plassane saman. Namnet blei då <i>Lundekvam</i> etter personen. Laget meiner <i>Maraholå</i> er det eldste namnet, og det mest bruka, og at det vil vera naturleg å bevare dette på staden. Om sisteleddet skriv dei at det kjem av dialektordet for høgdedrag, ikkje av <i>hol</i> n. eller <i>hole</i> f. Sandnes kommune går inn for <i>Marahålå</i>. Dei viser til prinsippvedtaket sitt om å bruke endinga <i>-a</i> i bestemd form av hokjønnsord, men meiner at namnet sitt opphav er ein særleg grunn til å fråvike prinsippet, då ein hest fall ned i eit hol på denne staden. I 2020 melde ein person i Rett i kartet at plassen ikkje blir kalla <i>Lundekvam</i> lokalt, men at han i alle år har blitt kalla <i>Marahålå</i>. Sandnes kommune stadfesta at dette stemmer i eit e-brev same året. Kommunen viste au til ein YouTube-video lagt ut av Frost Film 23. februar 2019. I skildringa til videoen står det at det var to bruk her, eitt på kvar side av den tidlegare kommunegrensa der. Bruket i Riska skal ha heitt <i>Lundekvam</i>, mens bruket i Høle skal ha heitt <i>Røyrmyr</i>. <u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at alt tyder på at <i>Røyrmyr</i> er det eldste namnet på plassen. Dei tilrår at <i>Røyrmyr</i> blir fastsett som namn. Dersom <i>Marahåle</i> skal registrerast som namn på plassen, meiner Språkrådet det bør førast opp som undernamn, og dei tilrår skrivemåten <i>Maraholet</i>. <u>Vurdering:</u> Som Språkrådet skriv, må <i>Røyrmyr</i> vera det eldste namnet på plassen. Me set difor dette som hovudnamn og dei to andre namna som undernamn. Hovudnamnet blir skrive både <i>Røyr-</i> og <i>Rør-</i>, men uttaleopplysningane talar for at namnet skal skrivast med diftong.
					<i>Lundekvam</i> skal skrivast på same måte som etternamnet. Når det gjeld <i>Maraholet</i> med variantar, er det eit spørsmål om kva sisteleddet kjem av. Dersom det kjem av <i>hol</i> m. 'låg, rund jordhaug', hadde ein venta uttala <i>-hodl</i>, jf. <i>Stadnamn i Rogaland</i> (2007, s. 104). Ingen av skrivemåtane talar for at sisteleddet er <i>hol</i> m. heller. Sisteleddet må altså vera anten <i>hol</i> n. eller <i>hole</i> f., og i dette tilfellet må tydinga vera noko som 'søkk i lendet', jf. <i>Stadnamn i Rogaland</i> (2007, s. 104–105). Dei lokale opplysningane gjev ikkje noko godt svar på om sisteleddet er det eine eller det andre, så me fylgjer Språkrådet si tilråding og fastset <i>-holet</i> her. Kartverket vedtek skrivemåtane Røyrmyr, Maraholet og Lundekvam i samsvar med Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.

18	(i matr.)	Lundekvam / Lundekvammen	Lundekvam	Bruk 84/7	<u>Uttale:</u> Jf. laupenr. 17. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Lundekvam</i> (matr. 1950). <u>Høyringssvar:</u> Jf. laupenr. 17. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Lundekvam</i> . <u>Vurdering:</u> Kartverket vedtek skrivemåten Lundekvam, jf. laupenr. 17.
19	(i matr.)	Lundekvam / Lundekvammen	Lundekvam	Bruk 100/11	<u>Uttale:</u> Jf. laupenr. 17. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Lundekvam</i> (matr. 1950). <u>Høyringssvar:</u> Jf. laupenr. 17. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Lundekvam</i> . <u>Vurdering:</u> Kartverket vedtek skrivemåten Lundekvam, jf. laupenr. 17.
20	1085417	Litledalen / Little Stordalen	Litledalen (hovudnamn) Little Stordalen (undernamn)	Dal, den austre av to dalar sør for Kjerag nødbu	<u>Uttale:</u> I heradsregisteret (1944) er uttala <i>li`tl ø stord æ / ø n</i> oppført. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Littlestordalen</i> (gradeigsmåling 1942). I <i>Forsandboka</i> bd. 1 del 2 (1981, s. 555) står det at <i>Store Stordalen</i> og <i>Little Stordalen</i> ligg i Øygardsheia på sørsida av Lysefjorden. <u>Høyringssvar:</u> Sandnes Mållag v/Egil Astad legg fram <i>Litledalen</i> som namn på dalen. I 2022 melde Stavanger Turistforening inn <i>Litledalen</i> som namn på dalen. Dei har fått oppgjeve namnet frå redningstenesta i området. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Litledalen</i> . <u>Vurdering:</u> Det ser ut til at både <i>Little Stordalen</i> og <i>Litledalen</i> er namn som blir bruka om denne dalen. Sidan dei lokale ynskjer <i>Litledalen</i> , set me dette som hovudnamn og <i>Little Stordalen</i> som undernamn. Uttaleopplysninga og førekomsten i gradeigsmålinga talar for skrivemåten <i>Littlestordalen</i> . Men i bygdeboka brukar dei skrivemåten <i>Little Stordalen</i> . Me har ingen uttaleopplysningar frå i dag, så her vel me å fastsetje skrivemåten bygdeboka brukar. Kartverket vedtek skrivemåtane Litledalen og Little Stordalen.

21	969203	<i>Stordalen / Store Stordalen</i>	Stordalen (hovudnamn) Store Stordalen (undernamn)	Dal, den vestre av to dalar sør for Kjerag nødbu	<u>Uttale:</u> I heradsregisteret (1944) er uttalene <i>sto`rastordalen</i> oppført. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Storestordalen</i> (gradteigsmåling 1942); <i>Stordalen</i> (ØK 1987). I <i>Forsandboka</i> bd. 1 del 2 (1981, s. 555) står det at <i>Store Stordalen</i> og <i>Litle Stordalen</i> ligg i Øygardsheia på sørsida av Lysefjorden. <u>Høyringssvar:</u> Sandnes Mållag v/Egil Astad legg fram <i>Storedalen</i> som namn på dalen. I 2022 melde Stavanger Turistforening inn <i>Stordalen</i> som namn på dalen. Dei har fått oppgeve namnet frå redningstenesta i området. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Storedalen</i> . <u>Vurdering:</u> Det ser ut til at både <i>Store Stordalen</i> og <i>Stor(e)dalen</i> er namn som blir bruka om denne dalen. Sidan dei lokale ynskjer <i>Stor(e)dalen</i> , set me dette som hovudnamn og <i>Store Stordalen</i> som undernamn. I namnet <i>Stor(e)dalen</i> ventar ein binde-<i>e</i> , og dette er oppgeve av mållaget og tilrådd av Språkrådet. I namnet <i>Store Stordalen</i> er det derimot ikkje uventa at det ikkje er nokon binde-<i>e</i> i <i>Stordalen</i> , sidan namnet har tre namneledd. Me fastset den lause samansetninga <i>Store Stordalen</i> , jf. laupenr. 20. Kartverket vedtek skrivemåtane Storedalen og Store Stordalen.

22	83105	Lådervig / Loddervik / Lådervik / Lodderviga / Ladervik / Låtervik	Loddervik	Vik i sjø	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Loddervig</i> oppført frå 1983. I 2016 melde Sandnes Historielag inn ein del rettingar av stadnamn. Dei oppgav då at namnet på staden/bruket har uttala <i>låddervigjå</i> eller <i>låddervig</i>. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Laadervik</i> (sjøkart 1939); <i>Loddervik</i> (ØK 1990); <i>Lådervig</i> (sjøkart 1995; nyare utgåve av ØK). <u>Høyringssvar:</u> Eigarane av bruk 88/14 Ivar Loddervik og Bente Kristin Loddervik ynskjer skrivemåten <i>Loddervik</i>. Dei skriv at bruket alltid har hatt namnet <i>Loddervik</i>, og at alle brukar det om plassen. Sandnes Historielag oppgav i 2016 skrivemåten <i>Lodderviga</i>. Dei skriv likevel at skrivemåten <i>Loddervik</i> har blitt vanleg for stadnamnet. Tidlegare skal namnet ha vore <i>lådderen</i>, og neset like ved skal ha blitt kalla <i>låddranese</i>. Men dette skal vera ukjent no. Sandnes kommune går inn for skrivemåten Loddervik. Dei legg til at det er dette som blir bruka på folkemunne. <u>Tilråding:</u> Språkrådet går ut ifrå at fyrsteleddet i dette namnet er inkjekjønnsordet <i>låter</i> (gno. <i>lātr</i>) som har tydd 'liggjestad (for dyr)'. I stadnamn er ordet særleg bruka om stader der sel jamleg går på land. Språkrådet skriv at mykje tyder på at det er lenge sidan ordet har blitt bruka appellativisk i norsk daglegtale, og då har det i denne saka lite føre seg å peike på regelen som seier at ein skal finne fram til ein skrivemåte som ikkje skuggar for meningsinnhaldet. Ordet er heller ikkje teke inn i rettskrivinga, så det er er inga rettskrivingsform å syne til. Språkrådet
----	-------	---	-----------	-----------	---

					meiner då at fyrsteleddet bør skrivast etter uttala <i>ladder</i> . Når det gjeld sisteleddet, tilrår Språkrådet at det blir skrive med hard konsonant. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Loddervik</i> . <u>Vurdering:</u> Hovudregelen i lovverket er at skrivemåten skal taka utgangspunkt i uttala av namnet, og uttala av fyrsteleddet talar for skrivemåten <i>Lodder</i>- eller <i>Ladder</i>- . Som Språkrådet skriv, er det inga rettskrivingsform av ordet ein kan normere etter, og sjølv om opphavet til ordet er <i>låttr</i> , vil nok ingen av skrivemåtane skugge meir eller mindre for meningsinnhaldet i namnet, sidan ordet ser ut til å ha gått ut av bruk for lenge sidan. I § 1 fyrste ledd i forskrifta står det at utdøyddde språkelement skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp, og då bør iallfall namnet skrivast med dobbel <i>d</i> . Både <i>o</i> og <i>å</i> er mogleg som rotvokal, sidan bae vil tilseia uttale med <i>å</i> i dette tilfellet. Bae delar har blitt bruka skriftleg, men det lokale ynsket er <i>o</i> . Når det gjeld sisteleddet, har me fått oppgjeve både <i>-vig</i> og <i>-vigjå</i> som uttaler, men fyrstnemnte er den eldst belagde, og det er au sterkast skrifttradisjon for og lokalt ynske om ubestemd form. Vidare kan sisteleddet skrivast både <i>-vik</i> og <i>-vig</i> , men sidan det er lokalt ynske for rettskrivingsforma <i>-vik</i> , fastset me denne. Kartverket vedtek skrivemåten Loddervik i samsvar med den nedervde lokale uttala, og Språkrådet si tilråding.
23	629102	Loddervikneset	Loddervikneset	Nes i sjø	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Loddervignese</i> oppført frå 1983. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Loddervikneset</i> (ØK 1990). <u>Høyringssvar:</u> Ivar Loddervik og Bente Kristin Loddervik skriv at neset heiter <i>Loddervikneset</i> . I 2016 melde Sandnes Historielag inn ein del rettingar av stadnamn. For dette namnet oppgav dei skrivemåten <i>Loddervikneset</i> . <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Loddervikneset</i> . <u>Vurdering:</u> Skrivemåten av primærnamnet (laupenr. 22) er retningsgjevande for skrivemåten av dette avleidde namnet, jf. § 4 tredje ledd i loven. Kartverket vedtek skrivemåten Loddervikneset, jf. laupenr. 22.

24	122791	Loddervik	Loddervik	Bruk 88/14	<u>Uttale:</u> Jf. laupenr. 22. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Loddervik</i> (matr. 1906, 1950); <i>Ladervik</i> (N50 1967, 1974, 1991, 1993, 2004, 2010). <u>Høyringsvar:</u> Jf. laupenr. 22. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Loddervik</i> . <u>Vurdering:</u> Tunet til dette bruket er i dag skilt ut som bruk 88/270. Kartverket vedtek skrivemåten Loddervik, jf. laupenr. 22.
25	(i matr.)	Loddervik	Loddervik	Bruk 88/214	Kartverket vedtek skrivemåten Loddervik , jf. laupenr. 22.
26	(i matr.)	Loddervik	Loddervik	Bruk 88/216	Kartverket vedtek skrivemåten Loddervik , jf. laupenr. 22.
27	(i matr.)	Loddervik	Loddervik	Bruk 88/269	Kartverket vedtek skrivemåten Loddervik , jf. laupenr. 22.
28	(i matr.)	Loddervik	Loddervik	Bruk 88/270	Kartverket vedtek skrivemåten Loddervik , jf. laupenr. 22.
29	1085339	Nordveggen		Fjellvegg, i Kjerag-massivet	<u>Uttale:</u> Ingen opplysningar. <u>Skrifttradisjon:</u> Ingen. <u>Høyringsvar:</u> I 2022 melde Stavanger Turistforening inn at fjellveggen har namnet <i>Nordveggen</i> . Veggen skal vera mykje bruka til basehopping. <u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at <i>Nordveggen</i> er ein tilrådeleg skrivemåte. <u>Vurdering:</u> Me finn ikkje teikn på at dette er eit lokalt framvaksstadnamn. Namnet er helst bruka i samband med basehopping og klatring, og det framstår dermed som eit resultat av desse aktivitetane, og ikkje noko som har forankring i den lokale namnetradisjonen. Det er au eit spørsmål om namnet er av offentleg interesse, og om det dermed bør inn i SSR og Norgeskart, for basehopping og fjellklatring er ekstremsportar som fåtalet driv med. Me vel å ikkje formalisere dette namnet for offentleg bruk, og me set dermed skrivemåtestatusen til <i>uvurdert</i> .

30	487213	<i>Olastødene / Olastøene</i>	Olastørne	Endra frå ås til hylle	Uttale: Ingen opplysningar, men i <i>Stadnamn i Rogaland</i> (2007, s. 222) er ein plass som heiter <i>Støene</i>, uttala /'stø:dne/, oppført. Dette namnet skal koma av hokjønnsordet <i>stø</i> (gno. <i>st qð</i>), og dette er det vanlege nemnet for båtstøer i fylket. Det blir au nemnt at namn med <i>stø</i> som sisteledd er bruka om fiskestader, for eksempel <i>Persstø</i>. Skrifttradisjon: <i>Olastødene</i> (ØK 1987; N50 1988, 1993, 2004, 2011; sjøkart 2005). I namnelista frå N50-revisjonen i 1988 er skrivemåten endra frå <i>Olastødne</i> til <i>Olastødene</i>, og objektet er klassifisert som <i>fjell</i>. Høyringssvar: Forsand Mållag ynskjer skrivemåten <i>Olastøene</i>. Sandnes Mållag v/Egil Astad legg fram <i>Olastødene</i> som namn på denne lokaliteten. Tilråding: Språkrådet skriv at sisteleddet i namnet venteleg er bunden fleirtalsform av den regionale variantet <i>stø</i> av hokjønnsordet <i>sto</i>, som kan tyde 'tilhaldsstad for husdyr' eller 'slåtteteig med høystakk'. Dei tilrår skrivemåten <i>Olastøene</i>. Vurdering: Plasseringa og namneobjekttypen er påfallande dersom sisteleddet i dette namnet er <i>stø</i> eller <i>sto</i>. Skrivemåten i namnelista frå N50-revisjonen var opphavleg <i>Olastødne</i>, og det kan då tenkjast at namnet er samansett av mannsnamnet <i>Ola</i> + <i>to</i> f. 'lita grasvaksen hylle i berg'. <i>To</i> er utbreitt som sisteledd i stadnamn i Rogaland, jf. <i>Stadnamn i Rogaland</i> (2007, s. 237), og i heradsregisteret ser ein at uttala i tidlegare Forsand kommune er <i>-tødne</i> i bestemd form fleirtal. Då må s-en vera ein binde-s,
					og ein finn eksempel på dette i heradsregisteret frå Bokn, Suldal og Sand, og på lokalnamn.no frå Forsand (<i>Olashedleren</i> og <i>Olaskvæven</i>). Etter vårt syn er sisteleddet sannsynlegvis <i>to</i>, og då bør det skrivast <i>-tørne</i> i tråd med gjeldande rettskriving. Kartverket vedtek skrivemåten Olastørne.

31	1084084	<i>Pigsteinen</i>	Pigsteinen	Stein, vest for Linhamnen i Lysefjorden <u>Uttale:</u> I <i>Forsandboka</i> bd. 1 del 1 (1981, s. 224) er namnet oppført med den dialektnære skrivemåten "Pi`gsteidn", og dette skal vera ein spiss stein som au har vore fjerdingsskifte. I Norsk Ordbok er <i>pigg</i> m. oppført, og her er målføreforma <i>pig</i> heimfesta til Forsand. <u>Skrifttradisjon:</u> Namnet har ikkje stått i kart, men det er nemnt som <i>Pigsteidn</i> i <i>Forsandboka</i> (sjå over), avisa <i>Strandbuen</i> (11. juni 2003, s. 11) og <i>I Fjordane</i> (2021, s. 170). Inge Særheim skriv om <i>pik /pig /pigg</i> . Desse skal koma av gno. <i>pík</i> f., og i <i>Stadnamn i Rogaland</i> (2007, s. 176) er det oppført uttaler av nokre namn som inneheld namneleddet. Alle desse har lang <i>i</i> og <i>g</i> , uansett om ordet står som fyrsteledd eller sisteledd. I <i>Stadnamn fortel historie</i> (1985, s. 103) og <i>Namn og stader i Rogaland</i> (1986, s. 47) er høvesvis <i>Piggsteinen</i> /'pigsteid,n/ og <i>Piksteinen</i> (<i>Pigsteidn</i>) nemnde. I SSR er allereie <i>Pigepallen</i> vedteke som skrivemåte av eit anna namn i kommunen. Vedtaket blei påklaga, men klaga gjaldt sisteleddet. I klagesaka tilrådde stadnamntenesta framleis <i>Pige-</i> . Elles er det i SSR registrert skrivemåtar med både enkel og dobbel <i>g</i> i kommunen, men ingen med <i>k</i> . <u>Høyringsvar:</u> Sandnes Mållag v/Egil Astad legg fram <i>Piggsteinen</i> som skrivemåte. Stavanger Turistforening melde inn <i>Pigsteidn</i> i 2021. Dei skal ha fått oppgjeve namnet frå lokalkjente frå Lysebotn. <u>Tilråding:</u> Språkrådet syner til nettsida lokalnamn.no, der to andre steinar
----	---------	-------------------	-------------------	--

					litt lenger vest i Lysefjorden, deriblant laupenr. 32, er oppført med uttala <i>Piggsteidn</i> . Dei skriv at at det verkar sannsynleg at au steinen i Linhamnen har uttale med kort vokal i fyrsteleddet, og skrivemåten som Sandnes Mållag legg fram, tilseier au dette. Når det gjeld bestemtheit, tilrår Språkrådet bunden form sidan dei fleste namna i området har dette. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Piggsteinen</i> . <u>Vurdering:</u> Fyrsteleddet kjem av det gamalnorske ordet <i>pik</i> , og dette ordet finst som to ord i dagens rettskriving: <i>pik</i> og <i>pigg</i> . Punkt 3.4 opnar for at <i>pik</i> kan skrivast <i>pig</i> dersom dette er i tråd med uttala. Vår vurdering er at den lokale dialektuttala av dette ordet er <i>pig</i> , ikkje <i>pigg</i> . Denne uttala er heimfesta til Forsand i Norsk Ordbok, Særheim oppgjev stort sett uttaler med lang <i>i</i> i Rogaland, og uttaleopplysninga i <i>Forsandboka</i> er med lang <i>i</i> . Dei lokale informantane til Stavanger Turistforening oppjev au ein skrivemåte som tilseier lang <i>i</i> . Sandnes Mållag oppgjev rettnok ein skrivemåte som tilseier kort <i>i</i> , og uttalene på lokalnamn.no har au kort <i>i</i> . Men det er ei svært vanleg utvikling at fyrsteledd får kort rotvokal, sjølv om ordet har lang rotvokal elles, og me går ut ifrå at det er dette som har skjedd i dei namna. I norsk rettskriving legg ein ikkje til ein konsonant når eit ord med opphavleg lang rotvokal får kort rotvokal fordi det står som fyrsteledd. Eksempelvis skrivast <i>båtsmann</i> framleis med éin t . Av same grunn meiner me namnet på steinen bør skrivast <i>Pig-</i> . Når det gjeld sisteleddet, er dette eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 fyrste ledd i forskrifta. Det er au venta bunden form i dette området. Sidan <i>stein</i> har uttala <i>steidn</i> i dette området, kan vokalen i bøyingsendinga bli vanskeleg å høyre, og for laupenr. 32 er dette vist ved at schwaen (ø) er opphøgd og liten i
					arkivsetelen i heradsregisteret. Særheim ser ut til å oppfatte uttala <i>steidn</i> som bunden form, og det eine høyringssvaret går inn for bunden form. Me meiner difor det blir rettast å fastsetje <i>-steinen</i> . Kartverket vedtek skrivemåten Pigsteinen.

32	63204	<i>Piggstein / Pigsteinen</i>	Pigsteinen	Nes i sjø, mellom Kallastein og Songesand	Uttale: I heradsregisteret (1944) er uttala <i>p i ggste i d ø n</i> oppført. På nettsida lokalnamn.no er uttala <i>Piggsteidn</i> oppført frå 1983. Skrifttradisjon: <i>Piggstein</i> (gradteigsmåling 1943; ØK 1982; N50 1988, 1993, 2004, 2011; sjøkart 2001). Høyringssvar: Sandnes Mållag v/Egil Astad legg fram <i>Piggnese</i> som namn. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Pigsteinen</i> . Vurdering: Me finn ikkje nokon andre opplysningar som tilseier at denne staden har namnet <i>Piggnese</i> . Me ser difor vekk ifrå dette namnet. Når det gjeld namnet <i>Pig(g)stein(en)</i> , bør dette skrivast likt som laupenr. 31 av same grunnar. Kartverket vedtek skrivemåten Pigsteinen, jf. laupenr. 31.
33	1085364	<i>Raudehelleren</i>	Raudehelleren	Heller, nord for Eidavatnet	Uttale: På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Rauehelleren</i> oppført frå 1982. I målføresynopsisen er uttala <i>hedder</i> heimfesta til Forsand og Lysefjorden. Skrifttradisjon: Ingen. Høyringssvar: Sandnes Mållag v/Egil Astad oppgjev <i>Raudehellaren (-hidlaren)</i> . I 2022 melde Stavanger Turistforening inn namnet <i>Raude hedleren</i> . Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Raudehelleren</i> . Vurdering: Fyrsteleddet er eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 fyrste ledd i forskrifta. Uttaleopplysninga på lokalnamn.no talar for ein skrivemåte med binde-<i>e</i> , og Stavanger Turistforening oppgjev ein skrivemåte med binde-<i>e</i> . Sandnes Mållag oppgjev ein skrivemåte utan binde-<i>e</i> , men her må uttaleopplysninga, saman med innspelet frå Stavanger Turistforening, vega tyngst. Sisteledet er au eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, og normeringspraksisen i kommunen er <i>heller(en)</i> . Me har fått oppgjeve <i>-hellaren</i> og <i>-hidlaren</i> au, men her må uttala på lokalnamn.no og innspelet frå Stavanger Turistforening vega tyngst. Andre namn med <i>heller</i> som sisteledd er dessutan oppførte med uttala <i>-hedleren</i> , sjå laupenr. 34, 43 og 53. Kartverket vedtek skrivemåten Raudehelleren i samsvar med Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.

34	1085365	<i>Salomonshelleren</i>	Salomonshelleren	Heller, på ei hylle innom Songesand	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>salomonshedleren</i> oppført frå 1983. <u>Skrifttradisjon:</u> Ingen. <u>Høyringssvar:</u> Sandnes Mållag v/Egil Astad oppgjev <i>Salomonshellaren (-hidlaren)</i> . I 2022 melde Stavanger Turistforening inn dette namnet med skrivemåten <i>Salomonshedlaren</i> . <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Salomonshelleren</i> . <u>Vurdering:</u> Sisteledet bør skrivast <i>-helleren</i> , jf. laupenr. 33. Kartverket vedtek skrivemåten Salomonshelleren i samsvar med Språkrådet si tilråding.
35	1084077	<i>Skomakarholet</i>	Skomakarholet	Grotte, aust for Skarpanes i Lysefjorden	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Skomagarholet</i> oppført frå 1983. Det står at dette er eit hol i fjellet der robåten mest blir skjult. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Skomakarholet</i> er nemnt i eit dikt av Inge Håvard Aarskog, sjå avisa <i>Strandbuen</i> (11. juni 2003, s. 11). <u>Høyringssvar:</u> I 2021 melde Stavanger Turistforening inn dette namnet med skrivemåten <i>Skomakerhålet</i> . Dei har fått oppgjeve namnet frå lokale frå Lysebotn. Dette skal vera eit gammalt namn som framleis er i bruk i dag, og det skal ha vore eit av fjerdingsskifta langs Lysefjorden. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skomakarholet</i> . <u>Vurdering:</u> Båe namneledda er ålment kjente ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 fyrste ledd i forskrifta. Uttaleopplysninga talar for skrivemåten <i>Skomakar-</i> , ikkje <i>Skomaker-</i> , og Aarskog nyttar denne skrivemåten. Kartverket vedtek skrivemåten Skomakarholet i samsvar med uttaleopplysninga, Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.

36	1080227	Skurvåna	Skurvåna (hovudnamn) Skurvedalsåna (undernavn)	Elv, renn gjennom Skurvedalen	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>skorvadalssåna</i> oppført frå 1983. I Norsk Ordbok er ordet <i>skurve</i> f. oppført, og dette ordet kan tyde det same som <i>skurv</i> m., nemleg 'skrinn jord; tynt jordlag på berggrunn'. Ei av målføreformene er oppført som <i>skurve</i>, <i>skórv(e)</i>, og denne er heimfesta til Forsand. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>SkurvedalBk</i> (rektangelmåling 1855). I <i>Forsandboka</i> bd. 1 del 1 (1981, s. 361) er åa omtala som <i>Skorvåna</i>. Forfattaren tolkar namnet som å koma av eit eldre namn *<i>Skørva</i> eller *<i>Skurfa</i> (s. 449). I <i>Lysefjorden: ei kulturhistorisk reise</i> (1998, s. 39) er <i>Skurvåna</i> nemnt. I <i>Norske elvenavne</i> (1904, s. 230–231) er <i>Skurvedalen</i> oppført som eit utdøytt namn under oppslagsordet <i>Skurva</i>, og dette namnet er tolka som å ein gong ha vore <i>Skurfa</i>. På s. 224–225 er elvenamnet <i>Skorva</i> oppført. Dette har truleg hatt ei eldre form <i>Skarfa</i>, og det har nok samanheng med ordet <i>skorv</i> f. Rygh skriv at <i>Skurva</i> visstnok er "[...] forskjelligt fra Skorva, men dog mulig beslægtet dermed". <u>Høyringssvar:</u> Forsand Mållag oppgjev <i>Skurvåna</i> som namn på åa. Sandnes Mållag v/Egil Astad oppgjev <i>Skurveåna</i> som namn på åa. I 2021 melde ein lokal informant inn i Rett i kartet at åa heiter <i>Skurvåna</i>. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har jamført uttaleopplysninga på lokalnamn.no med andre uttaler der, og dei konkluderer med at rotvokalen i fyrsteleddet har uttala <i>o</i>, ikkje <i>å</i>. Dei tolkar då fyrsteleddet som å ha samanheng med varianten <i>skurv</i> av hokjønnsordet <i>skorv</i> (= 'skarv, naken bergflate').
----	---------	----------	--	-------------------------------	---

					Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skurvedalsåna</i> . <u>Vurdering:</u> Me finn belegg for at variantar av både <i>Skurvåna</i> og <i>Skurvedalsåna</i> har blitt og blir bruka. Alle høyringssvara går inn for namnet utan <i>dal</i> som namneledd, og det er dette namnet ein får flest treff på i lokallitteraturen. Me set difor dette som hovudnamn, og <i>Skurvedalsåna</i> som undernamn. Når det gjeld skrivemåtane, kjem vel fyrsteleddet av ordet <i>skurv</i> eller <i>skurve</i> , og ein ventar då ei uttale som <i>skorv(e)</i> i det lokale talemålet, altså med <i>o</i> og ikkje <i>å</i> . Rettskrivingsforma er med <i>u</i> , og det er skrifttradisjon for og lokalt ynske om skrivemåten med <i>u</i> . Når det gjeld bindevokalen, går me ut ifrå at denne fell bort i namnet <i>Skurvåna</i> , sidan neste ledd startar på ein vokal. Denne skrivemåten ser ut til å vera den dei oppfattar som korrekt lokalt, sjølv om me au har fått oppgjeve <i>Skurveåna</i> . I namnet <i>Skurvedalsåna</i> ser det derimot ut til å vera bindevokal. Oppføringa på lokalnamn.no har <i>a</i> , og det same har oppføringa for laupenr. 37. Men laupenr. 38 er oppført med <i>e</i> . Me får ingen treff på <i>Skurvadalså*</i> på nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket, mens me iallfall får fleire treff i aviser på <i>Skurvedalså*</i> . Det verkar difor rettast å fastsetje skrivemåten med <i>e</i> som bindevokal. Sisteledet bør skrivast -<i>åna</i> , jf. laupenr. 6. Kartverket vedtek skrivemåtane Skurvåna og Skurvedalsåna.
37	123034	Skurvedalen	Skurvedalen	Dal	<u>Uttale:</u> I heradsregisteret (1944) er uttala <i>sk ũ`rv ə dal ə n</i> oppført. På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>skorvadalen</i> oppført frå 1983. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Skurve-Dalen</i> (rektangelmåling 1856); <i>Skurvedalen</i> (gradteigsmåling 1943; gradteigskart 1952; N50 1952, 1959, 1971, 1988, 1993, 2004, 2011). <u>Høyringssvar:</u> Jf. laupenr. 36. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skurvedalen</i> . <u>Vurdering:</u> Kartverket vedtek skrivemåten Skurvedalen, jf. laupenr. 36.

38	302228	Skurvedalstjørna	Skurvedalstjørna	Tjørn	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>skorvedalstjødna</i> oppført frå 1983. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Skurvedalstjødna</i> er nemnt i avisa <i>Strandbuen</i> (18. desember 2009, s. 9). <u>Høyringsvar:</u> Jf. laupenr. 36. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skurvedalstjørna</i> . <u>Vurdering:</u> Sisteledet er ei ålment kjent ord som skal skrivast i tråd med gjeldande rettskriving, og normeringspraksisen i kommunen er skrivemåten med <i>rn</i> . Kartverket vedtek skrivemåten Skurvedalstjørna, jf. laupenr. 36.
39	1036774	Skaaria / Skaralia		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmyndighet Sjå det vedlagde tilrådingsbrevet for Språkrådet si tilråding.
40	1074609	Skaarlitunnelen / Skaralitunnelen		Tunnel	Kommunen er vedtaksmyndighet Sjå det vedlagde tilrådingsbrevet for Språkrådet si tilråding.
41	1036775	Skaalistien / Skaralistien		Adressenamn	Kommunen er vedtaksmyndighet Sjå det vedlagde tilrådingsbrevet for Språkrådet si tilråding.
42	1085363	Skaffardalen / Skarpadalen	Skaffardalen (hovudnamn) Skarpadalen (avslege namneval)	Dal, nordaust for Songesand	<u>Uttale:</u> På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Skaffardalen</i> oppført frå 1983. <u>Skrifttradisjon:</u> I <i>Forsandboka</i> bd. 1 del 1 (1981, s. 403) er <i>Skaffardalen</i> nemnt. <u>Høyringsvar:</u> Forsand Mållag går inn for skrivemåten <i>Skaffardalen</i> . Sandnes Mållag v/Egil Astad oppgjev <i>Skaffardalen</i> som namn på dalen. Sandnes kommune går inn for <i>Skaffardalen</i> . Sjå au laupenr. 43. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skaffardalen</i> . <u>Vurdering:</u> Me har fleire lokale opplysningar som oppgjev <i>Skaffardalen</i> som namn på dalen. Me finn ikkje dokumentasjon på at dalen blir kalla <i>Skarpadalen</i> , anna enn <i>Skarpadalsknuten</i> som førekjem i ØK, jf. laupenr. 44. Me avslår difor <i>Skarpadalen</i> som namneval. Fyrsteledet i <i>Skaffardalen</i> er moglegvis ordet <i>skaffar</i> m. som kan tyde 'skysskaffar, gjestgjevar'. Ordet kan au ha samanheng med stader ein åt måltid. Sidan opphavet ikkje er heilt klårt, bør namnet uansett normerast etter uttala, som ser ut til å vera <i>skaffar</i>- . Denne skrivemåten er au ynskt og bruka lokalt. Kartverket vedtek skrivemåten Skaffardalen i samsvar med uttaleopplysninga, Språkrådet si tilråding og det lokale ynsket.

43	1085362	Skaffardalshellere	Skaffardalshellere	Heller, i botnen av Sundmork-brekka	Uttale: På nettsida lokalnamn.no er <i>Skaffardalshellere</i> nemnt i ei oppføring frå 1983. Skrifttradisjon: <i>Skaffardalshellere</i> er nemnt i blant anna <i>Pilt-Ola: dokumentarisk roman</i> (1972, s. 30). Høyringsvar: Sandnes Mållag v/Egil Astad oppgjev <i>Skaffardalshellere (-hidlere)</i> som namn på hellere. Sandnes kommune går inn for <i>Skaffardalshellere</i> . I 2022 melde Stavanger Turistforening inn <i>Skaffardalshellere</i> som namn på denne hellere. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skaffardalshellere</i> . Vurdering: Skrivemåten av primærnamnet (laupenr. 42) er retningsgjevande for skrivemåten av dette avleidde namnet, jf. § 4 tredje ledd i loven. Sisteledet bør skrivast <i>-hellere</i> , jf. laupenr. 33. Kartverket vedtek skrivemåten Skaffardalshellere, jf. laupenr. 42.
44	363202	Skarpadalsknuten / Skaffardalsknuten	Skaffardalsknuten (hovudnamn) Skaffarknuten (undernamn) Skarpadalsknuten (historisk namn)	Fjell	Uttale: På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Skaffarkn ū den</i> oppført frå 1983. Skrifttradisjon: <i>Skarpadalsknuten</i> (ØK 1982). Høyringsvar: Forsand Mållag går inn for skrivemåten <i>Skaffardalsknuten</i> . Sandnes kommune går inn for <i>Skaffardalsknuten</i> . Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skaffarknuten</i> . Vurdering: Her har me belegg for både <i>Skaffarknuten</i> og <i>Skaffardalsknuten</i> . Sidan det lokale ynsket er sistnemnte, set me dette som hovudnamn og <i>Skaffarknuten</i> som undernamn. <i>Skarpadalsknuten</i> har stått i ØK og blir sett som eit historisk namn. Skrivemåten av primærnamnet (laupenr. 42) er retningsgjevande for skrivemåten av dette avleidde namnet, jf. § 4 tredje ledd i loven. Sisteledet bør skrivast <i>-knuten</i> , jf. laupenr. 7. Kartverket vedtek skrivemåtene Skaffardalsknuten og Skaffarknuten.

45	752959	Skarvasættet / Skarvasetet	Skarvasetet	Nes i sjø	<u>Uttale:</u> Same namnet er registrert lenger ut i Lysefjorden, i Strand kommune nedom Preikestolen. I heradsregisteret (1953) er dette namnet oppført med uttala <i>sk á`rvasēd ø</i> . <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Skarvasetet</i> (sjøkart 2001). <u>Høyringsvar:</u> Ingen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Skarvasetet</i> . <u>Vurdering:</u> Sisteledet er eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 fyrste ledd i forskrifta. Kartverket vedtek skrivemåten Skarvasetet i samsvar med uttaleopplysninga, Språkrådet si tilråding og norsk rettskriving.
46	1085341	Smellryggen		Rygg, mellom Lysebotn og Kjerag	<u>Uttale:</u> Ingen opplysningar. <u>Skrifttradisjon:</u> Me får ingen treff på namna, korkje i nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket eller ved søk i Google. <u>Høyringsvar:</u> I 2022 melde Stavanger Turistforening inn <i>Smellryggen</i> og <i>Kjerag bakken</i> som namn på ryggen. <i>Smellryggen</i> skal ha blitt namnet i seinare tid. Dei har fått oppgeve namnet av ein lokal frå Lysebotn. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknadar til skrivemåtane <i>Smellryggen</i> og <i>Kjeragbakken</i> . <u>Vurdering:</u> Me har for lite dokumentasjon til at me kan formalisere desse namna for offentlig bruk. Me lèt dei stå med skrivemåtestatus <i>uvurdert</i> i SSR.
47	1085340	Smellveggen		Fjellvegg, mellom Lysebotn og Kjerag	<u>Uttale:</u> Ingen opplysningar. <u>Skrifttradisjon:</u> Me finn berre namnet i nyare kjelder knytt til fjellsport. <u>Høyringsvar:</u> I 2022 melde Stavanger Turistforening inn <i>Smellveggen</i> som namn på fjellveggen. Dei skriv at dette er eit svært gammalt namn, og at namnet kjem av at det med jamne mellomrom kan høyrast smell frå veggen. Dei har fått oppgeve namnet frå ein lokal frå Lysebotn. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Smellveggen</i> . <u>Vurdering:</u> Dette namnet framstår som framvakse i samanheng med ekstremsport, jf. laupenr. 29. Om det er eit gammalt namn, treng me meir dokumentasjon på dette. Me lèt namnet stå med skrivemåtestatus <i>uvurdert</i> i SSR.

48	242829	<i>Tjodåna / Tjodanåna</i> / <i>Tjodan</i>	Tjodanåna (hovudnamn) Tjodan (undernamn)	Elv	<u>Uttale:</u> I heradsregisteret (1944) er uttala <i>ķ õ `dānān q</i> oppført. På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>ķjodanānā</i> oppført frå 1982. Staden er oppført i Norsk stadnamleksikon. Her står det at åa blir kalla <i>Tjodan</i> [<i>Ko:2dane</i>] , men au det nyare <i>Tjodanåna</i> [<i>Ko:2danānā</i>] . Dette skal opphavleg ha vore namn på ein foss, gno. * <i>Þjóandi</i> av verbet <i>Þjóta</i> 'bruse, dure'. I <i>Fjordafolk</i> bd. 2 (2002, s. 314) står det at den lokale uttala av stadnamnet har vore <i>Tjodane</i> , men at <i>Tjodan</i> er innarbeidt i nyare tid. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Tjodanåne</i> (gradteigsmåling 1942); <i>Tjodåna</i> (ØK 1987). <i>Tjodan</i> er mykje nemnt i samanheng med vasskraft, anten som namn på kraftverket der eller som namn på vassdraget. Men det førekjem au i andre samanhengar. I <i>Sirdal: Gard og ætt</i> bd. 1 (1980, s. 287) er <i>Tjodan</i> lista opp som eit stadnamn nord for Degevatn. I <i>Gamle fjellvegane</i> (1999, s. 23) står det at ein hovudveg mellom Øvre Sirdal og Lyse gjekk over <i>Tjodan</i> og ned Stølsdalen. <i>Tjodane</i> er det svært få treff på i lokallitteraturen, men i <i>Forsandboka</i> bd. 1 del 2 (1981, s. 555) er åa <i>ķjodane</i> nemnt. <i>Tjodanånā</i> er nemnt i <i>Ætt og heim</i> (1991, s. 94) og <i>Fjordafolk</i> bd. 1 (2002, s. 248). <u>Høyringssvar:</u> Forsand Mållag ynskjer skrivemåten <i>Tjodanānā</i> . Sandnes kommune går inn for skrivemåten <i>Tjodanānā</i> . <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Tjodanāna</i> . <u>Vurdering:</u> Det verkar som om det er namnet med <i>ā</i> som sisteledd som er det mest etablerte namnet, og me set difor dette som hovudnamn.
					Forsand Mållag og Sandnes kommune oppgjev dette namnet, og dei fleste uttaleopplysningane stør opp om det. Uttala har nok vore <i>ķjodan(e)</i> tidlegare, og det har vel kome til eit forklarande sisteledd sidan meningsinnhaldet i namnet ikkje var openbert. <i>Tjodan</i> er likevel noko bruka, så me set dette som undernamn. <i>Tjodan(-)</i> bør skrivast med <i>T</i> sidan det vanlege etter norske rettskrivingsprinsipp er å skrive opphavleg <i>þ</i> slik, jf. punkt 1.5 i dei utfyllande reglane. Skrivemåten blir då <i>Tj-</i> , og dette vil vera i tråd med uttala av namnet. Når det gjeld sisteleddet, bør dette skrivast <i>-āna</i> , jf. laupenr. 6. Kartverket vedtek skrivemåtane Tjodanāna og Tjodan i samsvar med uttaleopplysningane.

49	122776	<i>Tjodavatnet / Tjodanvatn / Store Tjodanvatnet</i>	Stora Tjodanvatnet (hovudnamn) Tjodanvatnet (undernamn)	Vatn, òg i Sirdal	Uttale: I heradsregisteret er uttalene <i>kō`dānv āttñ ɵ</i> (1944) og <i>k̲ eō`danvatnə</i> oppførte. På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Store kjodanvatn</i> oppført frå 1982. I <i>Stadnamn i Rogaland</i> (2007, s. 235) er vatnet oppført som <i>Tjodanvatnet</i> med uttala /'ʰko:danvatne/. Skrifttradisjon: <i>st Tjodanvn</i> (gradeigsmåling 1942; N50 1965, 1985); <i>Tjodanvn</i> (gradeigsmåling 1951; gradeigskart 1953; N50 1954); <i>st Tjodanvatn</i> (gradeigskart 1952); <i>Tjodanvatn</i> (N50 1967, 1972, 1991, 1993); <i>st Tjodanvatnet</i> (N50 1990, 1993); <i>Tjodavatnet</i> (N50 2005, 2006; nyare utgåve av ØK). Høyringssvar: Forsand Mållag ynskjer skrivemåten <i>Stora Tjodanvatnet</i> . Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Stora Tjodanvatnet</i> . Vurdering: Både uttaleopplysningane og kartførekomstane tilseier at det finst eit namn med og eit namn utan utmerkingsledd. Sidan mållaget oppgjev namnet med utmerkingsledd, set me dette som hovudnamn. Namnet utan utmerkingsledd blir sett som undernamn. Skrivemåten <i>Tjoda-</i> har ingen stønad i uttaleopplysningane, så me ser vekk ifrå denne skrivemåten. Skrivemåten av primærnamnet (laupenr. 48) er retningsgjevande for skrivemåten av dette avleidde namnet, jf. § 4 tredje ledd i loven. På lokalnamn.no er ei uttale i ubestemd form oppgjeve, men resten av uttaleopplysningane har bestemd form, og det er dette som er oppgjeve av
					mållaget. Namna bør difor skrivast <i>-vatnet</i> . Når det gjeld utmerkingsleddet, er uttala <i>Store</i> oppført på lokalnamn.no, mens mållaget oppgjev <i>Stora</i>. Venta uttale her er <i>Stora</i>, så me fastset ein skrivemåte i samsvar med det. Kartverket vedtek skrivemåtane Stora Tjodanvatnet og Tjodanvatnet, jf. laupenr. 48.

50	748406	<i>Litla Tjodavatnet / Litla Tjodanvatnet / Litle Tjodanvatnet</i>	Litla Tjodanvatnet	Vatn	<u>Uttale:</u> I heradsregisteret (1944) er uttala / i `tlá kə`danvá`ttnə oppført. På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Litla kjodanvatn</i> oppført frå 1982. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Kjodan</i> (rektangelmåling 1855); <i>litle Tjodanvn</i> (gradteigsmåling 1942); <i>I Tjodanvn</i> (gradteigskart 1952; N50 1965, 1985); <i>I Tjodanvatnet</i> (N50 1990, 1993); <i>litla Tjodanvatnet</i> (N50 2005); <i>Litla Tjodavatnet</i> (nyare utgåve av ØK). <u>Høyringssvar:</u> Forsand Mållag ynskjer skrivemåten <i>Litla Tjodanvatnet</i> . <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Litla Tjodanvatnet</i> . <u>Vurdering:</u> Kartverket vedtek skrivemåten Litla Tjodanvatnet, jf. laupenr. 48 og 49.
51	851775	<i>Tjodanpollen</i>	Tjodanpollen	Tjørn, nord for fv. 4224	<u>Uttale:</u> I heradsregisteret (1944) er uttala kə`dānp q dd'i oppført. På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>kjodanpollen</i> oppført frå 1982. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Kjodanpollen</i> (rektangelmåling 1855); <i>Tjodanpodlen</i> (gradteigsmåling 1942); <i>Tjodanpollen</i> (gradteigskart 1952; N50 1965, 1985, 1990, 1993, 2005; ØK 1987). <u>Høyringssvar:</u> Jf. laupenr. 48–50. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Tjodanpollen</i> . <u>Vurdering:</u> Kartverket vedtek skrivemåten Tjodanpollen, jf. laupenr. 48 og 49.
52	287792	<i>Tjodanpodlen</i>	Tjodanpollen	Vik, i sørenden av Tjodanvatnet. Ligg òg i Sirdal	<u>Uttale:</u> Jf. laupenr. 51. <u>Skrifttradisjon:</u> <i>Tjodanpodlen</i> (ØK 1980). <u>Høyringssvar:</u> Jf. laupenr. 48–50. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Tjodanpollen</i> . <u>Vurdering:</u> Det er noko påfallande at ein har to identiske namn så nære kvarandre, jf. laupenr. 51. Tjørna nord for fylkesvegen er godt dokumentert, så dette namnet må vera reellt. Vika i sørenden av Stora Tjodanvatnet er belagt i ØK, og når ein ser på gamle flyfoto, ser ein at denne vika var ein nesten avstengd del av Stora Tjodanvatnet før oppdemminga, så eit namn som Tjodanpollen er absolutt eit naturleg namn på denne lokaliteten. Mogleg at dei to pollane har vore namngjeve frå kvar si side av fjellet, altså frå Lysebotn og Øvre Sirdal. Kartverket vedtek skrivemåten Tjodanpollen, jf. laupenr. 51.

53	245186	<i>Tjuvheller / Tjuvhelleren</i>	Tjuvhelleren	Heller	Uttale: I heradsregisteret (1944) er uttala <i>kuh ɐ dl ər</i> oppført. På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Kj ū hedleren</i> oppført frå 1983. Namnet skal koma av at ein vedtjuv skal ha rodd inn til helleren ein gong han hadde folk etter seg. Skrifttradisjon: <i>Tjuvhidler</i> (gradteigsmåling 1943); <i>Tjuvheller</i> (N50 1988, 1993, 2004, 2011; sjøkart 2005; nyare utgåve av ØK). Høyringssvar: Sandnes kommune går inn for skrivemåten <i>Tjuvhelleren</i> . I 2022 melde Stavanger Turistforening inn dette namnet med skrivemåten <i>Tjuvhedleren</i> . Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Tjuvhelleren</i> . Vurdering: <i>Tjuv</i> er eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 4 tredje ledd i loven. Sisteledet bør skrivast <i>-helleren</i> , jf. laupenr. 33. Kartverket vedtek skrivemåten Tjuvhelleren i samsvar med Språkrådet si tilråding, norsk rettskriving og det lokale ynsket.
54	1279	<i>Urneset / Urdnes / Urnes</i>	Urnes	Nes i sjø	Uttale: I heradsregisteret (1944) er uttala <i>u`rnes</i> oppført. På nettsida lokalnamn.no er dialektuttala <i>Urnes</i> oppført frå 1983. Skrifttradisjon: <i>Urnæs</i> (rektangelmåling 1856); <i>Urdnes</i> (gradteigsmåling 1943; N50 1988, 1993); <i>Urneset</i> (sjøkart 2001; N50 2004, 2011). I <i>Forsandboka</i> bd. 1 del 2 (1981, s. 744) er <i>Urnes</i> oppført som ein nedlagd plass under Kallali, og namnet skal koma av <i>Urnes</i> , eit nes av store steinblokker. Høyringssvar: Forsand Mållag ynskjer skrivemåten <i>Urnes</i> . Sandnes kommune går inn for skrivemåten <i>Urnes</i> . Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Urnes</i> . Vurdering: Fyrsteledet har både <i>ur</i> og <i>urd</i> som rettskrivingsform, og båe desse vil vera i tråd med uttala. Sidan det lokale ynsket er <i>Ur-</i> , og normeringspraksisen i kommunen er å skrive namneledet utan <i>d</i> , bør <i>Ur-</i> fastsetjast. Bruken av bestemtheit skal rette seg etter den nedervde lokala uttala <i>-nes</i> , jf. punkt 2 i dei utfyllande reglane. Kartverket vedtek skrivemåten Urnes i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådet si tilråding, norsk rettskriving og det lokale ynsket.

55	1085337	Vestlige bastion / Vestlig Bastion		Fjellvegg, i Kjerag- massivet	Språkrådet skriv at dette namnet ikkje bør registrerast i SSR. Dei skriv at det er ingen namn i det nedervde norske tilfanget med namn knytte til naturlokalitetar, som inneheld ordet <i>bastion</i> , og namneforma <i>Vestlig(e) bastion</i> harmonerer ikkje på noko vis med den lokale stadnamntradisjonen. Konstruksjonsmåten med ei laus samansetning der adjektivforma <i>vestlig</i> er nytta som utmerking, har inga støtte i norsk namnelagingstradisjon. Me er samde med Språkrådet om at dette namnet ikkje bør formaliserast for offentleg bruk. Jf. med laupenr. 29. Me set skrivemåtestatusen til <i>uvurdert</i> .
----	---------	---------------------------------------	--	-------------------------------------	---